



Utgangspunkt i rammeplanen:	Kap 9.6 Etikk, religion og filosofi Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn. Personalet skal: • formidle forteljingar og skape rom for barns opplevingar, samtalar, erfaringar og tankar om religion, livssyn, etikk og eksistensielle tema • gje barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen • samtale med barna om religiøse og kulturelle uttrykk • bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhøyrsl
Hovudmål:	Barna skal få delta i juleførebuing og få kjennskap til kvifor vi feirar jul Barna skal få kjennskap til at mange menneske i Norge feirar andre høgtider
Delmål:	- kjennskap til den kristne julebodskapen - positive opplevingar knytt til juletradisjonar - oppleve glede, forventning, ro, stemning og ettertanke - kjennskap til andre høgtider og merkedagar som barn i barnehagen markerer
Aktivitetar: Aktivitetar blir tilpassa alder og modning til barna på avdelinga	Adventssamlingar kvar dag i desember • adventslys, julesongar, dramatisering av julebodskapen, juleforteljingar m.m. • adventslysa blir første gong tent på samling måndagar, slik at ein får høve til å tenne det i heimen først • adventskalender: barna får opne kvar sin dag, kalenderen inneheld ein song, ei forteljing, ein lek el.l. som vi skal bruke i samlinga den aktuelle dagen • samtalar om at mange tel ned til jul medan andre gler seg til andre høgtider, som til dømes Aid al Fitr, og at nokon feirar jul på ein annan dag (25.12, 7.1) og med andre tradisjonar enn det som er mest vanleg i Norge Bake • lussekattar til lucia, og/eller 1-2 sortar julekaker • bake i små grupper på avdelingane; barna skal få høve til vere med å bake ein kakesort kvar Formingsaktivitetar • arbeide med å lage julegåve/julepynt i små grupper på avdelinga • barna skal få lage kvar sin julepynt, og elles kan barna få lage julepynt etter ynskje og situasjon på avdelinga Adventssamling i kyrkja • 4-åringane (født i 2021) på Kulpen og Fjellet måndag 01.12, og barna på Skogen tysdag 02.12

Høgtider og merkedagar som høyrer til andre religionar enn kristendom blir formidla om på dei avdelingar som har barn eller tilsette som feirer/markerer desse.	Jul på museet, Movik • avdeling Skogen torsdag 04.12 St. Nicolas dag, merkedag innanfor katolsk og ortodoks kristendom, 06.12 • fortelje barna om denne merkedagen og korleis det er vanleg å markere den Luciafeiring fredag 12. desember • synge luciasongen på samling og som bordvers i tida frå 01.12-12.12. Nynorsk versjon "Natta går tunge steg" • førskulebarna går luciagog for dei andre i barnehagen og foreldre til førskulebarna • førskulebarna på avd Skogen må ha med kvite skjorter heimanfrå, glitter og lucialys har vi i barnehagen • dei yngre barna kan ha på kvite genserar/skjorter, og dei som ynskjer det kan få på glitter • lucialunsj med lussekattar og saft på alle avdelingar • foreldre til førskulebarna blir invitert til å komme og sjå luciatoget og ete lussekattar med barna på Skogen. Meir informasjon vil bli sendt ut seinare. Nissefest onsdag 17. desember • avdeling Skogen, dei eldste barna på Fjellet og Kulpen feirar saman • avdeling Fossen, dei yngste barna på Fjellet og dei yngste på Kulpen feirar saman • barna kan kle seg ut som nissar; barna må ev ta med/på nisselue/-kle heimanfrå • samling med songar, dramatisering, dans, leik og moro • kanskje kjem nissen? • vi går rundt juletreet og syng julesongar; «Å jul med di glede», «Så går vi rundt om ei einebærbusk» • nissegraut Årets lengste natt; persisk høgtid 21.12 • fortelje barna om høgtida, korleis den vert markert og kva som er likt/ulikt med slik vi feirar jul: samle familien, god mat, nøtter (t.d. pistasj), kaker, vannmelon, granateple (granateple er symbol for 21.12)
--	---